

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/3226-1

Utkast til handlingsprogram for fagopplæringsnemnda 2016-2019

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016-2019 vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Samfunnskontrakt for fleire læreplassar (2016-2020)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Fagopplæringsnemnda har sidan 2009 utarbeidd handlingsprogram for nemnda. Programmet har synleggjort kva satsingar nemnda skal arbeide med i perioden. Fylkesdirektøren for opplæring kjem i saka med framlegg til handlingsprogram for 2016-2019.

Om fagopplæringsnemnda

Sogn og Fjordane nyttar nemninga fagopplæringsnemnd, etter vedtak i 1999, medan det i dei andre fylka og i lovverket heiter yrkesopplæringsnemnd. I januar 2016 kom ein rapport om yrkesopplæringsnemnda si rolle og ansvar. I rapporten vert det peika på fleire område. Fagopplæringsnemnda er eit rådgivande organ som skal fremje behov og synspunkt frå arbeids- og næringsliv ovanfor fylkeskommunen og gje råd i saker som fylkeskommunen legg fram for dei. Fylkeskommunen skal legge avgjerande vekt på det fagopplæringsnemnda har vedteke eller uttala. Fagopplæringsnemnda skal stå sentralt i arbeidet med kvalitet og rettleiing for/oppfølging av bedrifter og skular. Nemnda skal òg ha innverknad på områda kvalitet, dimensjonering, rådgjeving og regionalt utviklingsarbeid. Nemnda har også mynde til å ta opp saker. To gonger i løpet av oppnemningsperioden bør nemnda foreta evaluering av eige arbeid.

Frå rapporten: [Yrkesopplæringsnemndas rolle og ansvar – Rapport frå SRYs arbeidsgruppe for yrkesopplæringsnemnda, januar 2016.](#)

For ein omtale av fag- og yrkesopplæringa viser fylkesdirektøren til sak 23/15 til hovudutval for opplæring og skriv til orientering i fagopplæringsnemnda 21. januar 2016.

Arbeidsoppgåver for fagopplæringsnemnda

Opplæringslova §§ 4-3, 4-8, 12-3 og 12-4 omhandlar fagopplæringsnemnda på ulike måtar.

- § 4-3 om rolla ved godkjenning av lærebedrift
- § 4-8 om fylkeskommunen sitt ansvar for å legge visse saker fram for nemnda og nemnda si rolle ved oppnemning av prøvenemnder
- § 12-3 om oppnemning og samansetjing av fagopplæringsnemnda. Noverande nemnd vart formelt oppnemnd i møte i fylkesutvalet 7. desember 2015, sak 145/15. § 12-4 om fagopplæringsnemnda sine oppgåver

§ 12-4. Oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda skal fremje behov hos og synspunkt frå arbeidslivet overfor fylkeskommunane.

Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter § 4-8 er pliktig til å leggje fram for nemnda. Dette gjeld mellom anna saker om godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning, og om fylkeskommunens kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for å heve kvaliteten av heile fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda skal særleg:

- fremje forslag til organisering, arbeidsmåtar og strategiar for å utvikle kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere og uttale seg om rutine i fylkeskommunen for å sikre kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis partane i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og -sikring i fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast
- vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at rådgivinga om fag- og yrkesopplæring blir best mogleg, og foreslå tiltak der ho finn det nødvendig.

Yrkesopplæringsnemnda skal gi råd om korleis utvikling av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan medverke til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemder og arbeidsplassar.

Yrkesopplæringsnemnda kan gi fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter eller til å utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.

Fagopplæringsnemnda sine viktigaste arbeidsoppgåver er:

- arbeide for at rådgivinga om fag- og yrkesopplæring blir best mogleg
- utvikle og sikre kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa ved å gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med det årlege fastsetjinga av tilbod
- vurdere og gi råd om korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast og også medverke til regional utvikling

Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016-2017

Hovudutval for opplæring vedtok på møte 23. mars 2016 Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016-2017, sak 3/16:

Kvalitet på opplæringa – fellessatsingar i bedrift og skule

Karriererettleiing og gjennomføring

Mål: Eit fagleg- og psykososialt læringsmiljø som får fleire til å gjennomføre vidaregåande opplæring (auka gjennomføring)

Tiltak

Produksjonsskule

Handling

Prøve ut ordningar med eit praktisk tilbod til ungdom mellom 15 og 21 år som har slutta eller ikkje har starta vidaregåande opplæring.

Skulekonkurransse

Skulekonkurransar vert utvikla som ein motivasjonsmetode for å auke kvalitet og læringsutbytte i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Ansvarleggjere søkarar til opplæring i bedrift

Dei vidaregåande skulane har rutinar for å ansvarleggjere og følgje opp elevar som skal ut i lære.

Styrka relasjonsbygging

Etablere arena for relasjonsbygging mellom elev-elev, lærar-elev, mellom anna gjennom følgjeforsking på elevane sitt psykososiale læringsmiljø.

Fellesfag, Yrkesretting og Relevans (FYR)	Samhandling mellom program- og fellesfag slik at opplæringa vert relevant i notid og framtid.
Styrke grunnleggjande dugleikar	For å styrke grunnleggjande dugleikar og overgangen mellom grunnskulane og vidaregåande opplæring, vert arbeidet i dei regionale nettverka vidareført og nye satsingar (Språkkommunar) blir etablert gjennom nettverka.
Karrierelæring og karrierekompetanse	Dei regionale rådgevarnettverka arbeider med korleis dei kan utvikle arbeidslivsfaget og karrierelæring som grunnleggjande ferdigheit. Karriererettleiarane bidreg i fagnettverka for rådgivarane i grunnopplæringa.
<p>Kvalitet på opplæringa – fellessatsingar i bedrift og skule Vurdering for læring Mål: Alt vurderingsarbeid skal ha som mål å fremje læring</p>	
Tiltak	Handling
Nettverksarbeid	Dei etablerte fagnettverka held fram arbeidet med ein vurderingspraksis som gjer at elevane opplever vurderinga som læringsfremjande.
Auka kompetanse i prøvenemndene	Prøvenemndene arbeider med vurderingskriterium og dokumentasjonskrav for fagprøva i dei ulike faga.
Tettare oppfølging av lærlingar	Lærlingar i frittståande bedrifter skal ha besøk kvart år og lærlingar i opplæringskontor skal besøkast ein gong i løpet av læretida.
<p>Danning Mål: Alle elevar og lærlingar utviklar etisk, sosial og kulturell kompetanse, identitet og tryggleik i eigen kultur, demokratiforståing og deltaking.</p>	
<p>Kvalitet på opplæringa i bedrift – satsingar Dimensjonering av opplæringstilbodet Mål: Arbeids- og næringsliv er aktive medspelarar i prosessen kring dimensjonering av opplæringstilbodet</p>	
Tiltak	Handling
Skape møteplassar	Fagopplæringsnemnda og hovudutval for opplæring møter ulike bransjar i fylket for å drøfte framtidige behov for fagarbeidarar.

Samfunnsrolla

Vidaregåande opplæring har ei viktig rolle i høve kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling. Fylkeskommunen arbeider med dette målet gjennom m.a. verdiskapingsplanen, klima- og miljøplanen og folkehelseplanen. I arbeidet med å følgje opp fylkeskommunale satsingar legg fylkesdirektøren vekt på å synleggjere kompetanse, ressursar og fasilitetar ved dei vidaregåande skulane som i større grad kan takast i bruk.

Strategiar for fag- og yrkesopplæringa

Fylkesdirektøren viser òg til sak 23/15 til hovudutval for opplæring om strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane. I saksutgreiinga står det:

I tillegg til den overordna utfordringa med overgangen mellom skule og bedrift er det ei rekkje utfordringar innanfor fag- og yrkesopplæringa det blir arbeidd med. Dette gjeld m.a. auka samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og arbeids- og næringsliv.

- kvalifisering av elevane for neste trinn i opplæringa
- tidleg formidling av søkjarar til opplæring i bedrift
- ansvarleggjere av søkjarane til opplæring i bedrift – dei må arbeide aktivt med å skaffe seg læreplass
- redusere talet elevar som vel påbygging til generell studiekompetanse etter vg2 i skule
- betre karriere- og yrkesretteleinga

Desse utfordringane vil fylkesdirektøren arbeide vidare med. Utfordringane vil bli del av grunnlaget for sak til fagopplæringsnemnda om satsingar for fag- og yrkesopplæringa 2016-2019 og i sak til hovudutvalet for opplæring om utarbeiding av nytt handlingsprogram for oppfølging av mål- og strategidokumentet «God-betre-best» for 2016-2018.

2. Handlingsprogram for fagopplæringsnemnda

1.1. Rådgjeving/Yrkesrettlegg

Mål:

- Gi dei som søker vidaregåande opplæring best mogleg grunnlag for sine val

Delmål:

- God kunnskap og informasjon om fag- og yrkesopplæringa i ungdomsskulen
- Det er god kjennskap til vidare karriereveggar for fagarbeidarar

Tiltak:

- Vere pådrivarar til
 - at det blir utvikla gode modellar for utdanningsval og prosjekt til fordjuping
 - at alle opplæringsløp innanfor fag- og yrkesopplæringa blir gjort kjende
 - å aktivt stimulere til kompetanseheving for rådgjevarar, karriererettleiarar og kontaktlærarar, t.d. gjennom næringsreiser
- Støtte opp om ungt entreprenørskap sine yrkesorienteringsprogram

1.2 Formidling

Mål:

- Det er effektive og gode formidlingsprosessar og så mange som mogleg gjennomfører ei 13-årig grunnopplæring

Delmål:

- Arbeids- og næringsliv følgjer opp samfunnskontrakten
- At formidlingsprosessen startar tidleg, med mål om at søkarane har læreplass før skuleslutt
- Alle søkjarane er aktive i arbeidet med å skaffe seg læreplass

Tiltak:

- Bidra til at dei faglege nettverka utarbeidar handlingsprogram for korleis måla i samfunnskontakten skal bli nådd
- Etterspørje aktiv bruk av prosjekt til fordjuping i overgangen skule – bedrift
- Stimulere til at lærlingar vert «ettertrakta» i arbeids- og næringslivet
- Stimulere til at teikning av lærekontrakt i størst mogleg grad skjer før sommarferien
- Nytte arbeidslivskontakten for å fylla den vidaregåande skulen sitt ansvar i formidlingsarbeidet

1.3 Kvalitetssikring av opplæring i bedrift

Mål:

- Lærlingar og lærekandidatar møter ei opplæring dei kan meistre og vekse på, og oppnår ein dokumentert og etterspurd kompetanse

Delmål:

- Lærlingar/lærekandidatar kjenner rettar og plikter i eit læreforhold
- God kompetanse hjå faglege leiarar og instruktørar
- Det er gode prosessar ved oppnemning av prøvenemnder

Tiltak:

- Følgje opp med tiltak etter lærling- og instruktørundersøkingar
- Stimulere til auka bruk av hospiteringsordningar
- Påverke til at kompetente og motiverte fagarbeidarar tek oppgåver som faglege leiarar, instruktørar og blir medlemmer i prøvenemnder
- Bidra til at det er gode rammer for å auke den pedagogisk kompetansen for instruktørar og faglege leiarar
- Møte bedrifter i samband med møta i fagopplæringsnemnda, og etterspørje kvalitet i opplæringa

1.4 Utlysing av tilbodet i vidaregåande skule

Mål:

- Det er samsvar mellom forventna søkjargrunnlag og tilgang på læreplassar i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma

Delmål:

- Opplæringskontora, einskildbedrifter og fagopplæringsnemnda gir viktige innspel i høve arbeidskraftbehova i dei yrkesfagelege retningane
- Tiltak:
- I samarbeid med opplæringskontora og bransjane få fram ei oversikt over behovet for fagarbeidarar og tilgang på læreplassar, erfaringar med formidling av lærlingar/lærekandidatar er og med på å gje grunnlag for framlegg om justeringar

1.5 Justering av utlyst tilbod i vidaregåande skule

Mål:

- Det er samsvar mellom elevane sine ønskjer og tilgjengelege læreplassar

Delmål:

- Dimensjonering av opplæringstilbodet i skule samsvarer med tal tilgjengelege læreplassar
- Arbeids- og næringsliv melder inn framtidig behov for fagarbeidarar

Tiltak:

- I samarbeid med opplæringskontora og bransjane få fram ei oversikt over behovet for fagarbeidarar og tilgang på læreplassar
- Arbeide for å auke tal lærebedrifter og læreplassar
- Arbeide for at godkjende lærebedrifter er aktive lærebedrifter
- Stimulere til aktivt samarbeid mellom vidaregåande skular og arbeids- og næringsliv gjennom fagnettverka

1.5 Marknadsføring – utviklingsarbeid

Mål:

- Fag- og yrkesopplæringa er kjent og fagarbeidaren har høg status

Delmål:

- Ta i bruk den nasjonale merkeordninga for godkjend lærebedrift
- Heve fagarbeidaren sin status

Tiltak:

- Informere om arrangement og oppgåver knytt til fagopplæringsnemnda sitt arbeid
- Stimulere lærlingar/unge fagarbeidarar til å delta i konkurransar og meisterskap på nasjonalt og internasjonalt nivå
- Syte for at lærlingar og lærebedrifter som når opp i ulike konkurransar får ekstra merksemd

1.6 Samfunnsrolla

Mål:

- Vidaregåande opplæring skal bidra til kompetanseheving, næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling
- Fleire internasjonaliseringstiltak for lærlingar, lærekandidatar, instruktørar og faglege leiarar

Delmål:

- Lokalsamfunnet er ein naturleg læringsarena, og ein gjer seg nytte av kompetansen dei vidaregåande skulane tilbyr
- Deltaking, demokrati og danning har ein viktig plass i opplæringa
- Arbeids- og næringslivet ser moglegheitene som ligg i internasjonale prosjekt

Tiltak:

- Leggje til rette for at næringsliv og skule samarbeider om kompetansehevingstiltak, jamfør verdiskapingsplan
- Medverke til at lærebedrifter og lærlingar/lærekandidatar er orienterte om dei ulike utvekslingsprogramma
- Stimulere til at lærebedrifter, opplæringskontor og opplæringsringar skaffar seg internasjonal erfaring som er relevant i forhold til fag og opplæring
- Bidra til større aktivitet i lokale nettverk, skule og lokalt næringsliv

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)